


Verkstad for integrering



1 GENERELT															
	<p>Etter tolv arrangement, 360 små og store deltakarar og mykje lyd og moro er konklusjonen frå eit samstemming kor av born og unge: «Dette var gøy! Vi vil ha meir og gjere dette igjen..»</p> <p>Prosjektet hadde som mål å oppnå integrering gjennom praktiske aktivitetar i biblioteket med fokus på utradisjonelle aktiviteter som også gjer læring gjennom leik.</p>														
2 REKNISKAP															
	<p><i>Inntekter</i></p> <table><tbody><tr><td>Eigeninnsats frå biblioteka i Nordhordland</td><td>280 000</td></tr><tr><td>Støtte frå Nasjonalbiblioteket</td><td>150 000</td></tr><tr><td>SUM</td><td>330 000</td></tr></tbody></table> <p><i>Utgifter</i></p> <table><tbody><tr><td>Prosjektleiar</td><td>125 295</td></tr><tr><td>Verkstadutstyr</td><td>24 705</td></tr><tr><td>Administrasjon/arrangement</td><td>280 000</td></tr><tr><td>SUM</td><td>330 000</td></tr></tbody></table>	Eigeninnsats frå biblioteka i Nordhordland	280 000	Støtte frå Nasjonalbiblioteket	150 000	SUM	330 000	Prosjektleiar	125 295	Verkstadutstyr	24 705	Administrasjon/arrangement	280 000	SUM	330 000
Eigeninnsats frå biblioteka i Nordhordland	280 000														
Støtte frå Nasjonalbiblioteket	150 000														
SUM	330 000														
Prosjektleiar	125 295														
Verkstadutstyr	24 705														
Administrasjon/arrangement	280 000														
SUM	330 000														

20/8-19
Jordi FooBege

3	PROSJEKTGJENNOMFØRING
	<p>a) Forklar avvik i aktivitetsplanen</p> <ul style="list-style-type: none">i) Grunna mindre tildelingsbeløp enn budsjettet vart prosjektet redusert til ein aktivitet i staden for tre. Vi valde å satsa på elektronikkbyggesett, type LittleBitsii) Grunna sjukdom vart prosjektperioden lengre enn planlagt. Prosjektet vart avslutta i april 2019iii) På tre bibliotek vart det ikkje arrangert kveldsarrangement etter ynskje frå biblioteksjefen i den aktuelle kommunen. Ein kommune hadde ikkje arrangement på dagtid
	<p>b) Beskriv både negative og positive erfaringar</p> <p><u>Positive erfaringar</u></p>  <p>A photograph of a young girl with long brown hair, smiling at the camera. She is holding up two small, colorful electronic projects made from LittleBits modules. In front of her is a white sheet of paper with a pink hand-drawn flower or leaf design on it. The background shows a room with a red chair, a keyboard, and a Yamaha keyboard.</p> <ul style="list-style-type: none">i) Hovudkonklusjon etter 12 elektronikkverkstader var: Dette var gøy! – det er ein samstemt dom frå både born, ungdom, lærarar, foreldre og bibliotekarar.ii) Biblioteka samarbeida godt og det var god kompetanseheving i alle biblioteka.iii) Prosjektet syner at det er mogeleg for små bibliotek å gjennomføre enkle arrangement med stor verdi for publikum med relativt små ressursar.iv) Deling av kompetanse og utstyr gjer denne type tiltak tilgjengeleg for veldig små einingar som ikkje har ressursar til å gjennomføre på eiga hand.

	<p>v) Det er stor interesse for elektronikk mellom born og unge i regionen. Interessa er stor i alle aldersgrupper som deltok. Alderen varierte frå 5. klasse i grunnskulen til elevar på vidaregåande skule.</p> <p>vi) Det var like stor interesse hos jenter som gutar.</p> <p>vii) Elektronikk er ein aktivitet der elevar som elles ikkje er aktive i skulen vert engasjerte og aktive både praktisk og sosialt. Dette gjeld spesielt elevar som ikkje er gode i norsk</p> <p><u>Negative erfaringar</u></p> <ul style="list-style-type: none"> i) Nokre delar av Little Bits elektronikksett er meir sårbare for uvøren bruk og må erstattast. ii) Miljømessig er bruk av batteri som ikkje kan ladast eit problem. Det vart bytta til oppladbare batteri etter dei første fem arrangementa.
4	<h2>MÅLOPPNÅING</h2> <p>Mål for prosjektet</p> <p>(a) Bruke lokale arbeidsgrupper av barn og unge til å finne fram til gode modellar for verkstadarbeid, der samarbeid gjennom praktisk arbeid skapar venskap og tryggleik på tvers av språkbarrierar.</p> <p>(b) Kartlegge kva som krevst for at små og mellomstore bibliotek kan ta del i utviklinga av biblioteka til å verta praktiske verkstadar for kreativ verksemd for barn og unge.</p> <p>(c) Utvikle modellar for lokale verkstadar i ein region med små og mellomstore bibliotek, der eitt av biblioteka i regionen har ansvaret for samordning og kunnskapsoppdatering</p>
	<p>Korleis vurderer ein måloppnåing? Er formålet med prosjektmidlane nådd?</p> <ul style="list-style-type: none"> i) Delmål 1 vart nådd. Born og unge viste stor interesse og ga klår tilbakemelding om at dette var ein type aktivitet dei synest biblioteket kan by på oftare. Dei stadene kor framandspråklege born og unge deltok i aktiviteten vart det tydeleg at denne typen aktivitet egnar seg for å bryte ned språkhinder og engasjere til samhandling i praksis. ii) Delmål 2 vart nådd. Prosjektet syner at det skal relativt små ressursar til for å få ein aktivitet med høg verdi og engasjement hos born og unge. Kompetansekravet er heller ikkje avskrekande høgt, men krev ein prosjektleiar/aktivitetsansvarleg som sett seg inn i aktiviteten før igangsetting. Den generelle arrangementskompetansen i biblioteka er høg nok til at det ikkje er ytterlegare krav for å gjennomføre denne typen arrangement. iii) Delmål 3 vart nådd. Delinga av ressursar og kompetanse vart ein klar føresetnad for at prosjektet skulle kunne lukkast. Alle biblioteka stilte med ressursar etter planen. Alle biblioteka fekk kompetanseheving på gjennomføring av elektronikkverkstad. Fleire av biblioteka er no i stand

	til å gjennomføre eit verkstadarrangement utan støtte frå prosjektleiar.
	Korleis er måloppnåinga med tanke på organisasjonen sine eigne målsetningar? <ul style="list-style-type: none"> i) Biblioteka i Nordhordland vil prioritera arbeidet med barn, unge og innvandrarar ii) Biblioteka vil oppretta ein verkstad som vi ønskjer å fylle med innhald iii) Biblioteka ville finne ein aktivitet som passar inn i bibliotektilbodet og gjer både kunnskap og underhaldning. Måloppnåing <ul style="list-style-type: none"> i) Biblioteka har klart å engasjere born og ungdom i alle kommunane, både i skuletid og på fritida. I dei kommunane der innvandrarar og flykningar i rett alder deltok vart dei engasjert og godt integrert i verdstaden ii) Biblioteka har lukaast med å få verkstadstilbodet til å verte ein naturleg del av bibliotektilbodet. iii) Elektronikkverkstad er ein særskilt eiga aktivitet i biblioteka
5	DØME TIL BRUK FOR ANDRE <ul style="list-style-type: none"> i) Programmet for arrangementa er svært enkelt. Etter ein kort presentasjon av LittleBits, frå ein bibliotekar, vert klassen/publikum delt opp i grupper på ca. 3-5 personar. Kvar gruppe får eit brett til deler, eit batteri og ein instruksjonsbok. Kvar gruppe må lese gjennom dei første sidene av instruksjonsboka før dei kan starte det praktiske arbeidet. Instruksjonsboka er på engelsk, men så godt illustrert at språket ikkje har vore til hindring ii) Så går eit medlem av kvar gruppe fram og hentar dei delane dei treng til første oppgåve. Kvar gruppe må gjennomføre fire oppgåver som gjer dei kjent med dei ulike brikkene og funksjonane i LittleBits. Etter dette vert dei utfordra til å velje ein av tre avanserte oppgåver. Nokre grupper rekk å gjennomføre alle tre avanserte oppgåver, mens dei fleste går gjennom ein eller to. iii) Programmet på dagtid er lagt opp til å vare i to skuletimer, ca. 1,5 klokkesett. På kveldsarrangement vart det lagt opp til to klokkesettar. Praktisk erfaring: <ul style="list-style-type: none"> i. Bruk oppladbare batteri framfor 9v-batterier som anbefalt i instruksjonen. ii. Nokre grupper arbeider svært fort og vert ferdig lenge før dei andre. På LittleBits sine nettsider er det andre forslag til prosjekt ein kan gje til desse gruppene.
6	VIDAREFØRING På kva sett vil biblioteka vidareføre prosjektet eller resultata i dagleg drift?

	<ul style="list-style-type: none">i) Fire av dei åtte biblioteka i Nordhordland har i dag kompetanse til å gjennomføre ein elektronikkverkstad sjølv.ii) Eit bibliotek har gjennomført to kveldsarrangement utan støtte frå prosjektleiar.iii) Elektronikksettet er tilgjengeleg til biblioteka i Nordhordland som ynskjer å låne det for å gjennomføre arrangement.iv) Fleire lærarar på skuler som deltok i arrangementet har uttrykt interesse for å låne elektronikksettet til skulane.
--	--

